

Til Trivselskomiteen

Frekhaug 19.04.2016

Søknad om 10.000,- til oppgradering og rydding av Sanehagen ved sjukeheimen.

Medlemmer i LHL tok i april kontakt med Frivilligsentralen for å få til ein dugnad i Sanehagen ved sjukeheimen. Tirsdag 12.april var vi på synfaring for å sjå kva som må til for å få sett hagen i stand slik at bebuarane kan bruke hagen slik som den er tenkt.

- Det må plukkast ugras
- plantast buskar og blomar
- Enkelte område må dekkast til med bark for å få vekk røtene til ugras (tromsøpalmer)
- fontenen må rensast
- Det bør fyllast på med masse mellom brusteinane
- 1 eller to trebenker i tillegg til steinborda og benkene.

Vi vil spørje kommunen om dei kan hjelpe oss med hageutstyr og å køyre vekk hageavfall.

Frivillige i LHL, Helselaget, Revmatikarlaget og Mental helse blir bedt om å delta. Nokon har allereie meldt seg. Tiltaket vil bli gjort kjent på Ganglaje sine turar – der folk kan melde seg som frivillige.

Ei eventuell tildeling frå Trivselskomiteen skal brukast på:

Planter og buskar
Bark og barkduk
Jord og gjødsel
1 benk, 2 meter
Fyllmasse til brusteinane
Hanskar
Anna

Dugnaden vil bli gjennomført i løpet av mai – 2016.

Mvh

Nina Randal
dagleg leiar
Meland Frivilligsentral